



"Ein roleg og hengiven hund"

Bonde Svein Ottar Rørheim i Uskedalen eig svarhundtispene Bano som er 4 år og Cira som er 13. Bano fekk første premie under Uskedalsutstillingen for 3 år sidan og Cira 2. premie i Seljord i 2004. Men i morgondagens elghundutstilling på Grusbana vert ingen av dei 2 fine hundane å sjå fordi Svein Ottar i dei seinare åra har prioritert annleis. Han har mista mykje av interessa både for jakt og hundehald fordi jordbruket kjem foran. Men som i alle år sidan han fekk hundeiinteressa i førre hundreåret med Leiv Trygve Varanes som inspirator kosar han seg med dei 2, for det er mykje selskap i dei. Bano har rett nok fått prøva seg på hjortejakt. Det var imidlertid utan resultat utan at det var bikkjas skyld. Og Svein Ottar gler seg over at svartundhaldet har vind i segla og at utstillingen her i bygda er ein førebels topp.



[Svein kosar seg med hundane sine](#)

Norsk elghund svart er ein liten rase her i landet trass i at den har lange tradisjonar. Elghundbestanden har gått tilbake men sjølv om dei grå har gått nedover er talet på svarte rimeleg stabilt, opplyst det på sentralt hald. Og stabiliteten gjeld i høgste grad våre trakter, meiner Svein Ottar Rørheim..Han undrar seg litt over meldingar om at rasen får merkelappen utrydningstruga medan den grå elghunden ikkje er på denne lista.

Svein Ottar kan til fulle skriva under på det som ellers står å lese i dei leksikale verk. Det står at denne hunderasen er ein roleg og hengiven hund som knyter seg sterkt til familien og er mentalt stabil og har sjeldne utslag av uønska gemytt.

- Mine hundar er svært stabile og forlet ikkje garden. Men tispene er nok mest stabile, seier Svein Ottar. Norsk elghund sort har vist at den eignar seg svært bra som bandhund og har vorte spesialist på denne jaktformen. Det vil vi få oppleve seinare denne sommaren.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Ein pensjonist og ein i sine beste år!